



Kommunane i Vestfold og Telemark

Saksbehandlar, innvalstelefon

Liv Aakre, 35 58 62 58

Til orientering - foryngingskontroll i skogbruket 2021 - kommunalt ansvar

Vi syner til brevet frå Landbruksdirektoratet av 17. mars i år om foryngingskontroll i skogbruket 2021. Brevet ligg ved. Kommunane har ansvar for kontroll av forynging etter hogst, jf. §§ 6 og 20 i skogbrukslova. Forskrift om berekraftig skogbruk § 15 første og andre ledd gjeld også kommunane sitt ansvar i slike saker.

I fagsystemet ØKS er det oversikt over dei 196 skogeigarane i fylket der felt skal bli kontrollerte. Saker som ikkje blei ferdige tidlegare år må dei aktuelle kommunane jobbe vidare med og prøve å få avslutta.

Vi gjer merksam på ny rutine: Om skogeigaren ikkje svarer etter purring på eigenmeldingsskjemaet, eller svaret ikkje er tilfredsstillande, skal kommunen kontrollere felta.

Vi vil ta hand om kontrollen i skogar som kommunen eller fylkeskommunen eig. Vi ber dykk ta kontakt i slike tilfelle.

Landbruksdirektoratet skriv at om kommunen sin kontroll er mangelfull, bør det bli vurdert om det skal få konsekvensar for tildeling av økonomiske verkemiddel på skogområdet.

Fristar 2021

15. april: Eigenmeldingsskjema sendt til skogeigarane (om kommunen ikkje kjenner saka)

15. mai: Registrering av svar i ØKS og ev. purring til skogeigarar som ikkje har svart

15. oktober: Kontroll av felt

31. desember: Ajour så langt som mogleg

Med helsing

Knut Ivar Løken (e.f.)
fagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Liv Aakre
seniorrådgjevar



Vedlegg:

1. Brev frå Landbruksdirektoratet 17. mars 2021 om foryngingskontroll i skog
2. Vedlegg 1 foryngingskontroll 2021
3. Vedlegg 2 foryngingskontroll 2021

Mottakarliste:

Kragerø kommune
Midt-Telemark
kommune
Bamble kommune
Horten kommune
Seljord kommune
Porsgrunn kommune
Skien kommune
Vinje kommune
Færder kommune
Tinn kommune
Kviteseid kommune
Sandefjord kommune
Holmestrand kommune
Tønsberg kommune
Hjartdal kommune
Drammen kommune
Nome kommune
Nissedal kommune
Tokke kommune
Siljan kommune
Notodden kommune
Larvik kommune
Fyresdal kommune